

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer i RHF styret og HF-styra  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 03.02.2021  
**FRÅ:** Styreleiar i Helse Vest RHF  
**SAKA GJELD:** Bakgrunnsnotat for styreseminaret 18. februar 2021

Tema for seminaret er styringsbodskapen for 2021. Torsdag 14. januar 2020 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sitt styringsbodskap og forventningar til helseregionane og vedlagt følgjer oppdragsdokumentet for 2021 og føretaksprotokoll frå føretaksmøtet som statsråden gjennomførte med dei regionale helseføretaka.

Som i 2020 er oppdragsdokumentet for dei regionale helseføretaka samla om tre overordna mål:

- Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
- Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- Betre kvalitet og pasientsikkerheit

Regjeringa vil skape pasienten si helseteneste. I møtet med helsetenesta skal kvar enkelt pasient oppleve respekt og openheit, få delta i avgjerdene om eiga behandling og korleis behandlinga skal gjennomførast. Pasientane skal oppleve heilskaplege og samanhengande tenester også mellom spesialist- og kommunehelsetenesta.

Det er også lagt vekt på at koronapandemien har vist at tema i den nasjonale helse- og sjukehusplanen, og behova for tiltak, er høgst aktuelle. Oppgåvene skal løysast på nye måter, mellom anna gjennom meir bruk av teknologi. Det er ein føresetnad med godt samarbeid mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta for å skape framtidens helseteneste. Her vil helsefellesskapa ha ei viktig rolle.

Pandemisituasjonen er uføreseieleg i 2021. Nye smitteutbrot kan oppstå lokalt. Samtidig vil vaksineringsplanen av befolkninga forbetre situasjonen utover i 2021. Helseføretaka må derfor også i 2021 vere førebudde på smitte og sjukdom i befolkninga, med mogleg behov for å auke sengekapasitet og spesielt intensivkapasitet. Det er likevel viktig at helseføretaka gjennomfører mest mogleg normal drift gjennom 2021.

I tillegg til at Helse Vest vidarefører dei krav og mål som er sett i oppdragsdokument/ føretaksprotokoll vil vi særleg peike på at Helse Vest i styringsdokumenta kjem til å stille krav til deltaking i utvikling av risikostyring og arbeid med topp 5 risikoar i føretaksgruppa. Arbeidet er ei oppfølging av forskrifta *leiing og kvalitetsforbetring i helsetenesta*. Helseføretaka og Helse Vest IKT har delteke i førebuinga av dette arbeidet, og det er identifisert fem område som det særleg er behov for å følgje opp i føretaksgruppa. Det er etablert to regionale arbeidsgrupper der den eine gruppa skal utvikle forslag til nye retningslinjer for risikostyring, og den andre gruppa skal utvikle forslag og modell for organisering av arbeidet med topp 5 risikoar.

Dei fem områda som er peikt ut er:

- Legemiddelområdet
- Vald og truslar mot medarbeidarar
- Uønskt variasjon – radiologi og ortopedi
- IKT og informasjonssikkerheit
- Ekstern turnover av medarbeidarar

Vel møtt til seminar.

.....